



Presentasjon av æresmedlem i Osterøy idrottslag



Johannes Loftås

(f. 28.10.1924)

Utnemnd til æresmedlem på årsmøtet i 1993.

Johannes har vore medlem i OIL sidan 1941.
Han har vore aktiv i orientering, ski, skeiser og friidrett.
Var Osterøys beste orienteringsløparar kring 1950.

I 1951, 1952, og 1954 var han Osterøys beste på skeiser, nr. 2 i 1947 etter Andreas Reigstad.
Vann i 1954 Reidar Birkelands pokal.

Johannes er innehavar av samtlege lagsrekordar på skeiser med 50.9 på 500m, 2.42.9 på 1500m og 5.50.0 på 3000m.

Deltok på fotballaget sitt stafettlag i 1948 i Brannstafetten. (Om Brannstafetten 1949 står m.a.: ”5 fotballspelarar og 5 idrettsfolk”).
I 1950 sprang Johannes 10. etappen(1200 meter) i Holmenkollstafetten. Laget frå OIL vart det året nr.14 i klasse A, med tida 54.06.

Nokre persar: 800 meter 2.11.0, 1500 meter 4.30.2, diskos 32.96 og spyd 46.24.

Johannes har hatt mange styreverv:

Styremedlem friidrett: 67, 68, 75 og 83

Formann friidrett: 72, 73, 74 og 76

Formann hovedstyre: 69-71

Varaformann hovedstyre: 68

Medlem draktfargenemnda: 82

Formann skigruppa: 80 og 81

(Fakta er henta frå arkiva til Vidar Simmenes.)



Bilete frå Holmenkollstafetten 1950 der Johannes var med.